

---

**Frå:** Arne Magnar Kvamme <arne@kvamme-gard.no>  
**Send:** onsdag 3. juli 2019 00:50  
**Til:** Byggesak Lindås  
**Kopi:** 'Rune Kristoffersen'  
**Emne:** SV: vedr status i sak gbnr 142/3

**Kategoriar:** Ubesvart

Att. Per Sveinar Morsund

Hei, og takk for raskt svar.

Eg veit ikkje om du er rett adressat, men eg oppsummerer følgjande:

Du viser til skriv av 08.05.19 frå byggesak, der de informerer om korleis de har delt inn søknadselementa i ulike saker.

Status er no som følgjer:

1. Saksnummer 19/1339: Søknad om bruksendring av fritidsbustad til lager/landbruksbygg VEDTAK OM BRUKSENDRING  
GITT

2. Saksnummer 19/1222: Søknad om frådelling av eigedom til bustad SVAR IKKJE MOTTATT

3. Saksnummer 19/1220: Søknad om etablering av bustad SVAR IKKJE MOTTATT

4. Saksnummer 19/1219: Søknad om riving av eksisterande driftsbygning og oppføring av ny driftsbygning m/garasje LØYVE GITT (men med feil G/br-nummer)

5. Krav om samanslåing av matrikkeleiningar. Denne skal handsamast av Geodata avdelinga.  
SAMANSLÅING FULLFØRT

I tillegg:

- Løyve til tilkobling til kommunalt VA gitt
- Godkjent VA-plan gitt
- Godkjent løyve til avkjørsle gitt

Frå Geodata fekk eg i dag opplyst at oppmåling av omsøkt tomt er sett «på vent» av saksbehandlar/byggesak. De opplyser no at vedkomande har ferie til 22.07, og kan kontaktast om saka etter det. Då er saksbehandlar på Geodata på ferie, men ho seier at dei kan vere rask med oppmåling når ho er tilbake på jobb frå midten av august. Likevel er me fort i september før løyve til frådelling er gitt og areal oppmålt og tinglyst. Til sist kjem så saka om etablering av bustad.

Me reagerer sterkt på at sakene ikkje vert behandla parallelt, slik at framdrifta og samanhengen vert ivareteken. Pr dato har det gått 11 veker. Kan nokon då gi oss ein peikepinn om når det kan forventast svar på sak 19/1222 og 19/1220 ?

Med helsing  
Arne Magnar Kvamme  
Kvamsvegen 17  
5911 Alversund

---

**Fra:** Byggesak Lindås <[byggesak@lindas.kommune.no](mailto:byggesak@lindas.kommune.no)>  
**Sendt:** tirsdag 2. juli 2019 12.23

**Til:** [arne@kvamme-gard.no](mailto:arne@kvamme-gard.no)

**Emne:** vedr status i sak gbnr 142/3

Hei,

Etter kva eg forstår vart det gitt bruksendring for bygning på 142/9 i førre veke. Så første punkt etter skriv datert 08.05.19 er på plass.

Ifølge skrivet er frådelingssaka neste på lista.

Sakshandsamar er på ferie og du kan ta kontakt med ho når ho er tilbake 22.07.

**Per Sveinar Morsund** | rådgjevar byggesak

**E-post:** [byggesak@lindas.kommune.no](mailto:byggesak@lindas.kommune.no) |

**Kundesenter:** +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)



LINDÅS KOMMUNE